



Mattilsynet  
Postboks 383  
2381 Brummunddal

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/1970 - 17/3423

Saksbehandlar:  
Einar Færø  
einar.faero@radoy.kommune.no

Dato:  
15.03.2017

## Tilsynsrapport med vedtak - etter tilsyn med høgdebasseng, handsamingsanlegg, inntakspunkt, transportsystem og vassforsyningssystem

Me viser til tilsyn og varsel om vedtak om pålegg

Pålegg som er gitt:

**Beredskapsplanen er i frå 2013 og er ikke blitt vurdert eller revidert etter dette. I egen internkontroll er det beskrevet en årlig gjennomgang og en full revidering hvert 3 år.**

Teknisk drift har gått gjennom og revidert beredskapsplan og risikoanalyse og internkontroll for vassverket. Det har berre vore nødvendig med mindre justeringer, i hovudsak namneendringer og telefonnummer. Me har også lagt inn varslingsmogleighetene me har via UMS- varsling som er nytt sidan 2013. Våre erfaringar er at Radøy kommune sin internkontroll fungerer godt. Men det er viktig at det jamnleg vert øva på ulike scenarier som er omtala i Ros- analysen.

Reviderte planar oversendes saman med vårt svarbrev.

**Det er blitt gjennomført kun en beredskapsøvelse8 mars 2014). I egen internkontroll er vdet beskrevet at det skal øves årleg.**

Radøy kommune gjennomførte «papirøvelse» torsdag 09.03.17 . Øvelsen viste at vassverket er i stand til å handtere ulike ufordringar på ein god måte. Tilbakemeldingane på øvelsen har vore gode.

Det er ført logg og det er lagt opp til at øvelsen skal evalueres i sin heilheit. Men dette er ikkje gjort.

Scenarie med logg vedlagt.

**Vannverket har ikke liste over beredskapsutstyr, (vanntanker,vannkanner mm)**

Her må det ha vore ein kommunikasjonssvikt. På side 22 i vår beredskapsplan er dette omtala.

**Listen over sårbare mottakere virker uklar, det finnes aktører på listen som ikke regnes som sårbare mottakere.**

På side 21 i vår beredskapsplan er det lista opp abonnentar me synest skal varslast ved til dømes leidningsbrot og når det er fare for hygienisk utrygt vatn.

Drikkevannsforskriften definerer sårbare abonnentar slik:

*Abonnent som kjennetegnes ved stor risiko for sykdom eller andre alvorlige konsekvenser dersom det ikke leveres tilstrekkelige mengder helsemessig trygt drikkevann*

På bakgrunn av mellom anna drikkevannsforskriften sin definisjonen av sårbarer abonnentar er vår vurdering at lista vert oppretthalde slik den ligg føre. Me kan ikkje sjå at det vert feil eller er til ulempe om varslinga også går til personar som ikkje nødvendigvis fell inn under begrepet sårbar.

Med helsing

Einar Færø  
leiari teknisk drift

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

## VA øving -logg 9 3 17

### Beredskapsplan vassforsyning Radøy Internkontroll Radøy 1 mars 2013

## Mottakarar:

Mattilsynet Postboks 383 2381 Brummunddal